

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-M03, HistSak-16/1746
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 15.01.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
009/21	Alver formannskap	04.02.2021
014/21	Alver kommunestyre	18.02.2021

Tilleggsfinansiering prosjekt 34046 Holmeknappen – Tveit Vatn, 35024 Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit og 36006 Veg Holme-Tveit

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner ny totalramme for prosjektet på 62 224 000 kr. Av dette utgjør 40 810 000 kr eks mva kostnader til VA, og 21 414 000 kr inkl mva er kostnader til veg.

Kommunestyret godkjenner nytt budsjett for 2021 fordelt slik:

- 34046 Holmeknappen – Tveit vatn: 1 500 000 kr
- 35024 Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit: 1 554 000 kr
- 36006 Veg Holme-Tveit: 691 000 kr»

Alver formannskap 04.02.2021:

Handsaming:

Tilleggsframlegg frå Sp, Ap, KrF og H ved N.M.Aadland-H:

Kommunestyret ber om ei sak for å revidere retningslinjene for investeringsprosjekt i neste kommunestyremøte, og ber om at følgjande punkt vert tatt med:

Godkjenning av prosjektrekneskap

Kommunestyret godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 20 mill. kr skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.

Kommunestyret godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 10 mill. kr og der rekneskapen har avvik på meir enn 10% samanlikna med budsjett ved byggestart, skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent prosjektet.

Kommunen sitt revisjonsselskap skal gjennom revisjonsmelding sjå til at prosjektrekneskapen gir eit rettvise bilete av prosjektet, og at det er i samsvar med god kommunal rekneskapskikk.

Kontrollutvalet skal med bakgrunn i dette gi uttale til kommunestyret i saka.

Tilleggsframlegget vart samrøystes vedteke.

Tillegg til rådmannen sitt framlegg:

Investeringsane finansierast med låneopptak

Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart samrøystes vedteke.

FO- 009/21 Vedtak:

«Kommunestyret godkjenner ny totalramme for prosjektet på 62 224 000 kr. Av dette utgjør 40 810 000 kr eks mva kostnader til VA, og 21 414 000 kr inkl mva er kostnader til veg.

Kommunestyret godkjenner nytt budsjett for 2021 fordelt slik:

- 34046 Holmeknappen – Tveit vatn: 1 500 000 kr
- 35024 Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit: 1 554 000 kr
- 36006 Veg Holme-Tveit: 691 000 kr»

Investeringsane finansierast med låneopptak

Kommunestyret ber om ei sak for å revidere retningslinjene for investeringsprosjekt i neste

kommunestyremøte, og ber om at følgjande punkt vert tatt med:

Godkjenning av prosjektrekneskap

Kommunestyret godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 20 mill. kr skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.

Kommunestyret godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 10 mill. kr og der rekneskapen har avvik på meir enn 10% samanlikna med budsjett ved byggestart, skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent prosjektet.

Kommunen sitt revisjonsselskap skal gjennom revisjonsmelding sjå til at prosjektrekneskapen gir eit rettvise bilete av prosjektet, og at det er i samsvar med god kommunal rekneskapskikk.

Kontrollutvalet skal med bakgrunn i dette gi uttale til kommunestyret i saka.

Alver kommunestyre 18.02.2021:

Handsaming:

Innstillinga vart samrøystes vedteke

KO- 014/21 Vedtak:

«Kommunestyret godkjenner ny totalramme for prosjektet på 62 224 000 kr. Av dette utgjer 40 810 000 kr eks mva kostnader til VA, og 21 414 000 kr inkl mva er kostnader til veg.

Kommunestyret godkjenner nytt budsjett for 2021 fordelt slik:

- 34046 Holmeknappen – Tveit vatn: 1 500 000 kr
- 35024 Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit: 1 554 000 kr
- 36006 Veg Holme-Tveit: 691 000 kr»

Investeringane finansierast med låneopptak

Kommunestyret ber om ei sak for å revidere retningslinjene for investeringsprosjekt i neste kommunestyremøte, og ber om at følgjande punkt vert tatt med:

Godkjenning av prosjektrekneskap

Kommunestyret godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 20 mill. kr skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.

Kommunestyret godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 10 mill. kr og der rekneskapen har avvik på meir enn 10% samanlikna med budsjett ved byggestart, skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent prosjektet.

Kommunen sitt revisjonsselskap skal gjennom revisjonsmelding sjå til at prosjektrekneskapen gir eit rettvise bilete av prosjektet, og at det er i samsvar med god kommunal rekneskapskikk.

Kontrollutvalet skal med bakgrunn i dette gi uttale til kommunestyret i saka.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Bakgrunn

Mellom Holme og Tveit i tidlegare Meland kommune pågår det arbeid med eit nytt VA-anlegg. Hovudformålet er å sanere avlaup frå busetnaden i området og legge ny vassleidning med større dimensjon. Prosjektet heng

saman med ferdig tilrettelagt saneringsprosjekt for området Brakstad - Tveit, i samband med framføring av ny hovudleidning for vassforsyning i dette området. Etappen Holmeknappen – Tveit er eitt av dei siste delprosjekta i dette relativt store løftet som starta i 2011. Pågåande VA-prosjekt (prosjektnr 34046/35024) inkluderar også opprusting av delar av fylkesveg 5314 (tidl. Fv 247 - prosjekt nr 36006) ettersom det ikkje er mogleg å leggje VA-leidningen utan å gjere tiltak på fylkesvegen. I 2019 fekk Meland kommune tilsagn om 5 mill kr i tilskot fra fylkeskommunen for å utbetre vegene.



Svart ring i kartet viser lokalisering av anlegget.

Saksopplysninger:

Krevjande grunnforhold

Prosjektet har vore prega av særst vanskelege grunnforhold som har vore hovudårsaka til at prosjektet i fleire omganger har hatt behov for auka kostnadsramme. I 2019 viste det seg å være særleg dårleg fjellkvalitet i boreholet for utsleppsleidninga jf. kommunestyresak 46/2019 i Meland kommune. I 2020 vart kostnadsramma auka ytterlegare grunna utfordringar med fylkesvegen jf. kommunestyresak 30/20. Formålet med denne tilleggsfinansieringa var å få fullfinansiert prosjektet uavhengig av eventuelle tilskot frå fylkeskommunen. Det har no vist seg at prosjektet treng ytterlegare tilleggsøyvinger for å kome i mål, og igjen er det grunnforholda som har vist seg å vere ekstraordinære.

Årsaker til auka kostnader

På delar av strekket mellom Holme og Tveit har det vore nødvendig å masseutskifte heilt ned til 10 m djupne for delar av VA-grøfta og fylkesvegen. Dette er betydeleg meir enn ved normale grunnforhold der masseutskiftinga som regel blir gjort ned til 2 m. Årsaka til den omfattande masseutskiftinga er at veg og VA-grøft går gjennom eit myrområde som har vist seg å vere mykje djupare og større enn antatt. Gjennom prosjekteringa av anlegget var kommunen klar over at grunnforholda var til dels vanskelege, men det har vist seg at dei var mykje verre enn antatt. I tillegg har vegvesenet stilt strenge krav til oppbygginga av vegene noko som er ytterlegare kostnadsdrivande. Samtidig har kommunen gjort tiltak for at kostnadene ikkje skulle bli høgare enn nødvendig. Det er brukt lokale massar der kommunen har inngått avtale med ein grunneigar langs trasèen om uttak av massar. Slike kortreiste massar er også ein fordel med tanke på miljøbelastning og trafikktryggleik.

Store delar av fylkesvegen har blitt oppgradert for å gjere vegene meir trafikksikker. Men nokre delar av vegene hadde kommunen ikkje planar om å utbetre ettersom vegene var tilstrekkeleg breie og oversiktelege. Det har likevel vist seg at kommunen måtte masseutskifte mykje av desse delane av vegene også for å unngå at vegene raste ut når ein grov opp VA-grøfta ved sida av vegene. Her var det også nødvendig å oppgradere overvasshandteringa i eksisterande kisteveiter. Alle desse arbeida var viktige for å minimere setningar.



Utbedringa av fylkesvegen har vore omfattande og meir kostnadskevande enn først antatt. I utgangspunktet var det berre planlagt nytt fortau frå krysset ved Holme og opp til Musikkhallen. På strekninga vidare skulle kommunen fundamenterer for eit framtidig fortau over VA-grøfta. Det kommunale prosjektet skulle avsluttast med å tilbakeføre terrenget inn mot fylkesvegen. Det er pr i dag ikkje tilrettelagt for fotgjengarar langs med fylkesvegen. Etter innspel frå lokalbefolkninga vart det reist spørsmål om ein kunne la vegskuldra liggje med eit grusa topplag slik at ein enklare og tryggare kunne bevege seg langs vegen, før eit permanent fortau vert realisert. I dialog med vegeigar Vestland fylkeskommune, vart det administrativt avgjort at ein kunne la grøfta ligge med eit finare lag grus på toppen. Det ville ikkje kunne oppfattast som eit fullgodt fortau, men ei mellombels løysing. På sikt må det etablerast eit asfaltert og permanent fortau på strekninga. Etablering av permanent fortau vil vere eit ansvar som ligg til vegeigar.

Eit anna moment som har ført til auka kostnader i prosjektet er at fylkeskommunen/SVV i heile byggetida har krevd at fylkesvegen skulle haldast open. Dersom kommunen kunne stengt vegen hadde arbeidet både kunne blitt gjennomført meir effektivt og rimelegare. Samtidig ville stenging av vegen ført til ein større ulempe for brukarane av vegen som måtte køyrt ein lengre omveg.

Økonomi

Holme-Tveit er eit stort prosjekt som omfattar oppgradering av vassleidning, nytt avlaupsanlegg og

oppgradering og trafikkisikring av fylkesveg. Det er eit prosjekt som har vokst i omfang etterkvart som prosjektet har blitt bygd og samla prosjektrekneskap (eks mva for VA og inkl mva for veg) er no kalkulert til 62,2 mill kr. Oversikt over prosjektøkonomien er vist i tabellen under.

	Vedtatt totalbudsjett	Rekneskap 18+19+20	Framlegg budsjett 2021	Nytt framlegg totalbudsjett	Diff vedtatt budsjett og framlegg nytt totalbudsjett
VA:					
Meland 2018+2019	22 300 000	20 369 894		20 370 000	1 930 000
Alver 2020	9 424 000	17 385 926		17 386 000	- 7 962 000
Alver 2021			3 054 000	3 054 000	- 3 054 000
Sum VA	31 724 000	37 755 820	3 054 000	40 810 000	- 9 086 000
Veg:					
Meland 2019	6 000 000	6 521 081		6 521 000	- 521 000
Alver 2020	9 375 000	14 202 032		14 202 000	- 4 827 000
Alver 2021			691 000	691 000	- 691 000
Sum veg inkl. tilskot	15 375 000	20 723 113	691 000	21 414 000	- 6 039 000
Total kostn. prosjekt	47 099 000	58 478 933	3 745 000	62 224 000	- 15 125 000
Tilskot veg (fylket)	- 5 000 000	- 5 000 000		- 5 000 000	-
Netto inkl ekstern finansiering	42 099 000	53 478 933	3 745 000	57 224 000	- 15 125 000
Finansiering lån og Mva-kompensasjon:					
Lånemidler VA	31 724 000	37 755 820	3 054 000	40 810 000	- 9 086 000
Lånemidler veg	7 300 000	11 634 486	553 000	12 187 000	- 4 887 000
Mva-kompensasjon veg	3 075 000	4 088 627	138 000	4 227 000	- 1 152 000
Sum intern finansiering	42 099 000	53 478 933	3 745 000	57 224 000	- 15 125 000
Sum finansiering	47 099 000	58 478 933	3 745 000	62 224 000	- 15 125 000

Merk: Budsjettoverføring fra Meland 2019 til Alver 2020 er ikkje inkludert i oppstillinga. Kun budsjett for det einkilde år.

Nytt framlegg til totalbudsjett er lik sum rekneskap 2018+2019+2020 pluss framlegg til budsjett 2021

Auka i budsjettet er i all hovudsak knytt til auka kostnader i 2020, men det vil også påløpe noko kostnader i 2021. Samla sett treng Holme-Tveit prosjekta kr 15,125 mill i auka intern finansiering.

Dei auka kostnadene på veg håpar kommunen å få dekkja inn gjennom meir tilskotsmidlar frå fylke. Meland kommune fekk 5 mill kr i tilskot frå fylkeskommunen i 2019. Tilskotet vert inntektsført i 2020. Alver kommune søkte på ny om tilskot til utbetring av fylkesvegen i april 2020. Søknaden gjaldt denne gong for den delen av vegen går mellom Musikkhallen og Tveit. Tilbakemeldinga frå fylke var at dei var positive til søknaden, men dei etterlyste fleire detaljerte teikningar for prosjektet. Kommunen har no jobba tett med fylke for å sikre at søknaden tilfredsstillar alle krava fylke set. Oppdatert søknad vert i desse dagar sendt til fylkeskommunen. Kommunen oppfatar at det er sannsynleg at kommunen vil få midlar, men dette veit ein ikkje sikkert før søknaden er behandla av fylkeskommunen. Dersom kommunen får tilskot vil det redusere kommunen sine eigne kostnader på prosjekt 36006. Dette vil ein kome tilbake til i tertialrapporteringa.

Vurdering

Prosjektet er no heilt i sluttfasen og er venta ferdigstilt tidleg i 2021.

Som det går fram i saksutgreiinga over er det grunnforholda i prosjektet som har vore den største utfordringa og er hovudårsaka til kostnadsauka. Når grunnforholda er så spesielle lar det seg vanskeleg gjere å gjennomføre prosjektet etter vedteke kostnadsramme. Samtidig viser gjennomføringa av infrastrukturprosjektet mellom Holme og Tveit kor viktig det er å setje av nok tid og ressursar til å planlegge prosjektet med tanke på kjente og ukjente risikofaktorar.

I tidlegare Meland kommune vart det ikkje nytta prosjektmetodikk ved gjennomføring av investeringsprosjekter. I prosjektmetodikken som skal nyttast i alle større investeringsprosjekt i Alver skal kommunen gjere greie for behovet for prosjektet, gjennomføre ROS-analyser og lage kostnadskalkyler i fleire fasar etterkvart som prosjektet vert planlagt og prosjektert. Viktige milepælar med tilhøyrande økonomiske rammer vil stadfestast gjennom politiske vedtak.

Når prosjekt går utover kostnadsrammene er det viktig å ta lærdom og ta med seg erfaringane i nye prosjekt, for å senke risikoen for at det same skjer igjen. I Holme-Tveit prosjektet burde vi på eit tidlegare tidspunkt gått i dialog med grunneigarar og vegeigar om trasèval og kva grensesnitt ein kunne sjå for seg knytt til fylkesvegen. Tverrfaglege ROS-analyser ville også ha vore til stor hjelp for å kunne presentere usikkerheit og risikoelement i prosjektet. Dette kunne klarlagt føresetnadene i prosjektet på ein betre måte og skapt eit betre beslutningsgrunnlag for politiske vedtak. »